

Prop. 18 S

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2023 under Helse- og omsorgsdepartementet

*Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet 24. november 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet legg med dette fram forslag om endringar i løyvingar under enkelte kapittel i statsbudsjettet for 2023 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

2 Forslag til endringar av løyvingane under dei enkelte kapittel

Kap. 3700 Helse- og omsorgsdepartementet

*Post 03 Refusjon fra Utenriksdepartementet
av ODA-godkjente utgifter*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 37,5 mill. kroner knytt til Medevac-pasientar. Departementet viser til omtale under kap. 732, post 70. Posten vart oppretta i 2022. Helseføretaka sine ekstraordinære utgifter til behandling av Medevac-pasientar frå Ukraina kan bli rekna som utviklingshjelp (ODA).

Kap. 701 E-helse, helseregistre mv.

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast,
kan nyttast under post 70*

Etter takstforhandlingane med Legeforeningen og fysioterapeutorganisasjonane Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privat-praktiserende Fysioterapeuters Forbund, er det for avtaleåret 2023–2024 avsett midlar frå både partar til utvikling av elektronisk pasientjournal (EPJ). Midlane skal nyttast til å utvikle EPJ-system som blant anna gjer det mogleg å hente ut data til styring, lokalt forbettingsarbeid og forsking, og lette kommunikasjonen med andre. Statens del utgjer 8,5 mill. kroner til utvikling av leganes EPJ, og 1,5 mill. kroner til utvikling av fysioterapeutane EPJ for inneverande avtaleår. Legane og fysioterapeutane del vart ved takstforhandlingane trekt frå rammeaukingane inneverande avtaleår. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 701, post 21 med 10 mill. kroner, kor 8,5 mill. kroner flyttast frå kap. 2755, post 70 og 1,5 mill. kroner frå kap. 2755, post 71, knytt til desse endringane.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,7 mill. kroner knytt til modernisering av folkeregisteret. Reduksjonen kjem av forventa mindreforbruk for Modernisert folkeregister. Programmet er avslutta i 2023.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 7,3 mill. kroner.

**Kap. 701, 703, 710, 714, 732, 734, 737, 747, 761, 762, 765, 770, 2711, 2751, 2752,
2755, 2756, 2790, 3700, 3701, 3710, 3714, 3732, 3740, 3746, 3747, 5572**

Kap. 3701 E-helse, helseregistre mv.*Post 03 Tilbakebetaling fra Felles kommunal journal interim AS (ny post)*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 38 mill. kroner knytt til tilbakebetaling av tilskot til Felles Kommunal Journal, som først vart utbetal i 2022. Prosjektet er avslutta og midlane er betalt tilbake.

Kap. 703 Internasjonalt samarbeid*Post 71 Internasjonale organisasjoner*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 118,2 mill. kroner knytt til høgare kontingentar i EU-programmet EU4Health, grunna høgare aktivitetsnivå enn forutsett. Løyvinga dekkjer mellom anna kontingentar til Noreg si deltaking i program og byrå i EU under EØS-avtalen. Storleiken på kontingentane vert fastsette av EU og vil variere frå år til år med mellom anna BNP, valutaforhold og kostnadsutviklinga i programma knytt til aktivitetsnivået.

Kap. 710 Vaksiner mv.*Post 22 Salgs- og beredskapsprodukter mm.*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 7,8 mill. kroner knytt til endra prognosar for utgifter til vaksinekjøp.

Post 23 Vaksiner og vaksinasjon mot covid-19, kan overførast

Departementet foreslår å flytte 222,2 mill. kroner frå kap. 710, post 23 til kap. 571, post 60 under Kommunal- og distriktsdepartementet knytt til vaksinasjon mot covid-19. Løyvinga skal dekkje oppfriskingsdose til befolkninga 65 år og eldre samt risikogrupper. Midlane vert fordelt etter innbyggartal.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 468,3 mill. kroner som følgje av endra prognosar for utgifter til vaksiner og vaksinasjon i 2023. Det var i Prop. 1 S (2022–2023) blant anna tatt høgde for vaksinasjon av befolkninga 45 år og eldre, målgruppa hausten 2023 har vorte snevra inn etter det.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga med 690,5 mill. kroner.

Kap. 3710 Vaksiner mv.*Post 03 Vaksinesalg*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 10,8 mill. kroner knytt til at prognosan for sal av vaksiner i 2023 er oppdatert på bakgrunn av kor mange vaksinar som er bestilte.

Kap. 714 Folkehelse*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under postane 70, 74 og 79*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner. Det vart forventa eit mindreforbruk til handsaming av søknadar i samband med bevillingsordninga for tilverking av alkoholhaldig drikk. Reduserte utgifter kjem av mellom anna ei vakant stilling.

Post 22 Gebyrfinansierede ordninger

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 13,4 mill. kroner, jf. mindreinntekt over kap. 3714, post 04 og kap. 5572, post 75. Det vart forventa eit mindreforbruk på 1,25 mill. kroner som følgje av få nye søknader om løyve til import, eksport og produksjon av tobakkssvarar. Vidare har Helse-direktoratet eit mindreforbruk på 12,1 mill. kroner som følge av at ikraftsetjinga av tobakksdirektivet er forseinka.

Kap. 3714 Folkehelse*Post 04 Gebyrinntekter*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 8,2 mill. kroner, sjå omtale under kap. 714, post 22.

Kap. 5572 Sektoravgifter under Helse- og omsorgsdepartementet*Post 74 Tilsynsavgift*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 3,8 mill. kroner i tilsynsavgift for e-sigarettar. Gebyret skal dekkje Legemiddelverket sine tilsynsaktivitetar med e-sigarettar, men som følgje av at ikraftsetjinga av tobakksdirektivet er forseinka vil det ikkje verte kravd inn tilsynsavgift i 2023.

Post 75 Sektoravgift tobakk

Departementet foreslår å redusere løvinga med 9,1 mill. kroner, sjå omtale under kap. 714, post 22.

Kap. 732 Regionale helseforetak***Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast***

Departementet foreslår å flytte 3 mill. kroner frå kap. 732, post 21, under Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett, knytt til kvinner si arbeidshelse, til Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt kap. 601, post 21 som rette departement.

Post 70 Særskilte tilskudd, kan overførast, kan nyttast under postane 72, 73, 74 og 75***Landingsplassar for redningshelikopter***

Ved behandling av Prop. 115 S (2021–2022) løyva Stortinget 38,2 mill. kroner til tilpassing av landingsplassar for dei nye redningshelikoptera ved sjukehusa i Namsos (15,6 mill. kroner) og Hammerfest (22,6 mill. kroner) for 2022. I Prop. 1 S (2022–2023) vart det løyva 135,6 mill. kroner til de to landingsplassane i 2023. Midla vart fordelt med 63,6 mill. kroner til Helse Midt-Noreg RHF knytt til prosjektet i Namsos og 72 mill. kroner til Helse Nord RHF knytt til Hammerfest.

Kostnadane for helikopterlandingsplassane i Namsos, Hammerfest og Kirkenes har auka mellom anna som følgje av nye krav frå myndighetene. Når det kjem til Kirkenes, er det ikkje gitt særskilte midlar til etablering av landingsplass. Stortinget vedtok at det frå 2020 skulle etablerast ein permanent ambulansehelikopterbase i Kirkenes, som det sidan er løyva særskilte midlar til drift av.

Departementet foreslår å auke løvinga med 208 mill. kroner til landingsplassar i Helse Midt-Noreg og i Helse Nord. Helse Midt-Noreg RHF og landingsplassen i Namsos vil få 46 mill. kroner av løvinga. 162 mill. kroner går til Helse Nord, med 121 mill. kroner til landingsplassen i Kirkenes og 41 mill. kroner til Hammerfest.

Helse Nord

Sjukehusa har dei siste åra vore i ein krevjande økonomisk situasjon som følgje av mellom anna høg kostnadsvekst. Det har difor vore naudsynt å styrke sjukehusa sine budsjett gjennom 2023.

Regjeringa vil i Nasjonal helse- og samhandlingsplan foreslå tiltak som styrker sjukehusøkonomien.

Helse Nord er i ein spesielt krevjande situasjon. Det gjeld både rekruttering av personell og økonomi. I november 2022 fekk Helse Nord i oppdrag å vurdere behovet for endringar i funksjons- og oppgåvedeling i regionen. Helse Nord arbeider no med forslag til framtidig organisering. Forslaget vil bli sendt på høyring i januar 2024. Etter høyringa vil styret i Helse Nord vurdere forslaga, før dei vil bli oversendt Helse- og omsorgsdepartementet. Regjeringa vil deretter gjere ein heilskapleg vurdering av saken. Målet for regjeringa sitt arbeid er å sikre eit best mogleg sjukehustilbod i Nord-Noreg.

Departementet foreslår å auke løvinga med 200 mill. kroner som følgje av situasjonen i Helse Nord RHF. Midla skal nyttast til vedlikehald av bygg, slik at naudsynt vedlikehald ikkje stoppar opp. Midla kan også nyttast til naudsynte investeringar i medisinsktteknisk utstyr.

Medevac

Noreg deltek i det europeiske samarbeidet for medisinsk evakuering av pasientar frå Ukraina, som skjer gjennom EU si ordning for sivil beredskap (UCPM). Det vert lagt til grunn at dei regionale helseføretaka skal få dekt kostnadene ved behandling av desse pasientane. Samla over åra 2022 og 2023 er det løyva 340 mill. kroner til formålet, jf. Stortinget si behandling av Prop. 19 S (2022–2023) og Prop. 118 S (2022–2023). Dei regionale helseføretaka har berekna at utgiftene vert om lag 37,5 mill. kroner lågare for 2022 og 2023 samla sett. Departementet foreslår å reducere løvinga med 37,5 mill. kroner knytt til Medevac-pasientar. Departementet viser til omtale under kap. 3700, post 03.

Realvekst i dei ordinære, frie driftsløyvingane til dei regionale helseføretaka

Det vert vist til omtalen av realveksten i dei ordinære, frie driftsløyvingane til dei regionale helseføretaka i Prop. 1 S (2023–2024). Realveksten gjev eit uttrykk for veksten i dei ordinære driftsløyvingane til dei regionale helseføretaka justert for pris- og kostnadsvekst, dvs. målt i faste priser, og korrigert for ulike forhold. Eksempler på forhold det korrigeres for er oppgåveendringar for dei regionale helseføretaka og større eingangslovingar.

I Prop. 1 S (2023–2024) anslo Helse- og omsorgsdepartementet ein realvekst i 2023 på 3,6 mrd. kroner samanlikna med anslag på rekneskap 2022, svarande til 2,1 pst. I nysalderinga for 2023 aukar departementet dette anslaget til 3,8 mrd. kroner, svarande til 2,3 pst. Det kjem av at anslag for innsatsstyrt finansiering og laboratorie- og radiologiske undersøkingar i 2023 er endra, jf. omtale under postane 76 og 77.

Post 76 Innsatsstyrt finansiering, overslagsløyving

Saldert budsjett 2023 vart fastsett med utgangspunkt i saldert budsjett 2022, og legg til rette for ein aktivitetsvekst på om lag 1,4 pst. frå dette nivået. Faktisk aktivitet i 2022 vart lågare enn anslått, og budsjettet for 2023 gjev dermed rom for ein aktivitetsvekst på om lag 3,2 pst.

Oppdatert prognose for 2023, basert på aktivitetstal per andre tertial 2023, indikerer ein samla aktivitet i 2023 på om lag 0,4 pst. lågare enn føresett. Dette svarer til ein reduksjon på 155,9 mill. kroner.

Kvalitetssikring av endeleg grunnlag for avrekning for 2022 syner at det vert utbetala 63,6 mill. kroner for lite i akontoutbetalingar i 2022. Dette vert handtert i samanheng med utbetalingane til dei regionale helseføretaka i desember 2023, og løyvinga for 2023 vert auka med 63,6 mill. kroner.

Til saman foreslår departementet å redusere løyvinga med 92,3 mill. kroner.

Post 77 Laboratorie- og radiologiske undersøkelser, overslagsløyving

Aktivitetstal per september 2023 gjev eit anslag for utbetalingar i 2023 på 3 970 mill. kroner. Anslaget er 179,7 mill. kroner høgare enn budsjett etter Stortingets behandling av Prop. 118 S (2022–2023), der løyvinga vart satt opp med 165,9 mill. kroner. Departementet foreslår å auke løyvinga med 179,7 mill. kroner i 2023.

Post 80 Kompensasjon for meirverdiavgift, overslagsløyving

Løyvinga dekkjer kompensasjon for meirverdiavgift til dei regionale helseføretaka som følgje av ordninga med nøytral meirverdiavgift. Departementet foreslår å auke løyvinga med 594 mill. kroner som følgje av høgare anslag for kompensasjon i 2023 enn lagt til grunn i Prop. 118 S (2022–2023).

Post 83 Byggelånsrenter, overslagsløyving

Departementet foreslår å auke løyvinga med 455 mill. kroner knytt til høgare rentenivå enn lagt til grunn i saldert budsjett og auka byggjelån i Prop. 118 S (2022–2023). Dei regionale helseføretaka betalar renter på byggjelån fram til prosjekta er ferdige. Då vert byggjelånet tillagt renter og gjort om til eit langsiktig lån.

Post 86 Driftskreditter

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1 287 mill. kroner knytt til høgare pensjonspremie. Oppdatert informasjon frå pensjonsleverbardørane gjev eit nytt samla tal på pensjonspremie for 2023 på 32 212 mill. kroner. Det er 1 287 mill. kroner høgare enn nivået Stortinget vedtok ved behandling av Prop. 118 S (2022–2023). Departementet foreslår at det auka likviditetsbehovet som følgje av dette vert behandla gjennom å auke ramma for driftskreditt.

Kap. 3732 Regionale helseforetak

Post 80 Renter på investeringsslå

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 11 mill. kroner knytt til endra tidspunkt for konvertering av lån. Dei regionale helseføretaka betalar renter på investeringsslå som er gjort om til langsiktige lån.

Post 85 Avdrag på investeringsslå f.o.m. 2008

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 19 mill. kroner knytt til endra tidspunkt for konvertering av lån.

Post 87 Avdrag på tilskudd til Helseplattformen (ny post)

Ved Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2018–2019) vart det oppretta eit tilskot til kommunar og fastleggar for kostnader knytt til innføring av Helseplattforma. Målsetjinga med tilskotet var at Helse Midt-Noreg RHF og kommunane som går inn i prosjektet, vart avlasta risiko knytt til manglande deltaking. Tilskotet utgjorde 601 mill. 2019-kroner i Prop. 117 S (2019–2020) på kap. 732, post 70. Siste del av tilskotet vart utbetalt i 2023. Tilskotet skal betalast tilbake med renter etter kvart som kommunar og fastleggar tek i bruk løysinga. Helse Midt-Noreg RHF administrerer tilskotet og tilbakebetalinga. Helse Midt-Noreg RHF har

berekna at nedbetaling av tilskotet for 2023 utgjer 32 mill. kroner. Dette gjeld kommunar som tok i bruk Helseplattforma i november 2022.

Kap. 734 Særskilte tilskudd til psykisk helse og rustiltak

Post 01 Driftsutgifter

Kontrollkommisjonane skal i medhald av lov kontrollere alle vedtak om etablering av tvungent psykisk helsevern og vedtak om bruk av tvangsmiddel. Kommisjonane skal også handsame klager på desse vedtaka. Kostnadene ved ordninga vert påverka av mellom anna innkommande saks-mengder og endring i dei lovpålagte oppgåvene kommisjonane skal utføre. Kommisjonane har dei seinare åra fått fleire oppgåver gjennom inn-skjerpa lovkrav til sakshandsaminga, til dømes fra 2017 pålegg om å kontrollere alle restriktive pasienttiltak, gi skriftlege orienteringar til pasient og pårørande om uttalerett før visse vedtak vert fatta, og fra 2018 skal dei gjennomføre bestemde personverntiltak som følgje av EUs personvern-direktiv (GDPR).

Det siste året har mengda av saker som kontrollkommisjonane i det psykiske helsevernet skal behandle auka meir enn det opphavelege anslaget fra Helsedirektoratet. Oppdatert prognose tyder på at utgiftene til kommisjonanes arbeid vert høgare enn budsjettet for året. Departementet foreslår å auke løyvinga med 8 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,75 mill. kroner knytt til mindreforbruk på posten, som følgje av ei avgrensing av implemen-teringsoppdrag om legemiddelassistert behandling (LAR) i Helsedirektoratet.

Post 71 Tvungen omsorg for psykisk utviklingshemma

Departementet foreslår å auke løyvinga med 21,6 mill. kroner. Behovet for styrkt løyving har årsak i ein sterkt auke i talet på nye dommar til tvungen omsorg, som heng saman med at målgruppa for ordninga vart utvida med dei nye util-rekkelegheitsreglane som vart sett i kraft i 2020. Ordninga er no ikkje lenger reservert for psykisk utviklingshemma personar.

Per oktober 2023 er totalt 40 personer dømde til tvungen omsorg. Dette er fire fleire enn det var ved utgangen av 2022 og 14 fleire enn ved

utgangen av 2021. 33 av dei dømde er i eksterne tiltak, sju er i innlagt i sengepost for utgreiing. Det er planlagt etablering av fire nye butiltak i løpet av 2023. Mange av dei dømde har svært alvorleg og krevjande åtferdsproblematikk. Dette gjer det naudsnyt med høgt sikkerheitsnivå/personell-innsats for å verne samfunnet.

Gjennomsnittlege kostnader per dømd per år har sidan 2018 vore om lag 10 mill. kroner, når budsjetterte heilårskostnader leggjast til grunn.

Kap. 737 Historiske pensjonskostnader

Post 70 Tilskudd, overslagsløyving

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 21,7 mill. kroner knytt til lågare utbetaling av tilskot enn lagt til grunn i saldert budsjett. Løyvinga dekkjer tilskot til ideelle og andre verksemder sine historiske pensjonskostnader knytt til offent-leg tenestepensjonsordning.

Kap. 3740 Helsedirektoratet

Post 05 Helsetjenester til utenlandsboende mv.

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennom-gått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Inntektene for 2023 vert talfesta til 66 000 mill. kroner, som er noko lågare enn tid-legare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 6 mill. kroner.

Kap. 3746 Statens legemiddelverk

Post 04 Registreringsgebyr

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 25,1 mill. kroner. Det er forventa ei mindreinntekt på 10,3 mill. kroner som følgje av at ikraftsetjinga av tobakksdirektivet er forseinka, og 14,8 mill. kroner i mindreinntekt mellom anna grunna redu-serte endringssøknader for marknadsføringsløyve for legemiddel i 2023.

Kap. 747 Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet

Post 01 Driftsutgifter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,3 mill. kroner mot tilsvarande mindreinntekt over kap. 3747, post 02 knytt til avviklinga av per-sondosimetritenesta. Persondosimetritenesta vart avvikla sommaren 2021 etter at det hadde komme

kommersielle aktørar på marknaden med tilbod om denne tenesta.

Kap. 3747 Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet

Post 02 Diverse inntekter

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,3 mill. kroner, sjå omtale under kap. 747, post 01.

Kap. 761 Omsorgstjeneste

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 79

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner som følgje av mindreutgift knytt til ei rekke tiltak innanfor bevillinga på posten.

Post 64 Kompensasjon for renter og avdrag

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 35,4 mill. kroner knytt til oppdatert faktisk gjennomsnittsrente for 2023 frå Husbanken.

Post 68 Kompetanse og innovasjon

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 8,4 mill. kroner knytt til mindreforbruk på tilskotsordninga til kompetanse- og tenesteutviklings-tiltak. Årsaka til mindreforbruket er at ekstraordinær pris- og lønnsjustering i revidert nasjonalbudsjett ikkje er brukt til å justere tilskot forvalta av statsforvaltar i 2023.

Post 73 Særlege omsorgsbehov

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner knytt til lågare forbruk på tilskotet til drift av Mosserødhjemmet og Jødisk bo- og seniorsenter. Årsaka til forventa mindreforbruk er at det er overført ubrukte midlar frå 2022 mot avkorting på tilskot i 2023.

Post 79 Andre tilskudd, kan nyttast under post 21

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner knytt til lågare forbruk på tilskotet til Verdighetssenteret. Årsaka til forventa mindreforbruk er at det er overført ubrukte midlar frå 2022 mot avkorting på tilskot i 2023.

Kap. 762 Primærhelsetjeneste

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Kondomordninga

Departementet foreslår å auke løyvinga med 4 mill. kroner knytt til forventa meirforbruk på om lag 4 mill. kroner for kondomordninga i 2023. Det har vore ein kostnadsauke i tillegg til ein auke på kondombestillingar knytt til det pågåande gonoréutbrotet det siste året.

Endra finansieringsmodell for fleirfagleg legepraksis

Austevoll kommune har søkt om å endre finansieringsmodell for ein fleirfagleg legepraksis, frå driftstilskotsmodell til honorarmodell. Det vil si at praksisen gis høve til å krevje trygderefusjon, i staden for å få driftstilskot. Endringa vil settast i verk 1. januar 2024. Departementet vil kome attende i revidert nasjonalbudsjett for 2024 med forslag til endra løyving.

Kap. 765 Psykisk helse, rus og vold

Post 21 Spesielle driftstugifter, kan overførast, kan nyttast under post 72

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 27 mill. kroner som følgje av forventa mindreforbruk på posten. Årsaka er i hovudsak at det har blitt overført ubrukte midlar frå 2022 som ikkje vil bli nytta. Vidare er det forventa lågare forbruk knytt til ei rekke tiltak innanfor løyvinga på posten.

Post 60 Kommunale tjenester, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med til saman 67 mill. kroner.

Det er eit forventa mindreforbruk på 48 mill. kroner knytt til tilskotsordningane Tilbud til barn og unge med behov for langvarig oppfølging og sammensatte tjenester og Tilbud til voksne med langvarige og sammensatte behov for tjenester. Årsaka er at det er færre søknadar frå kommunane enn forventa, blant anna som følgje av at fleire kommunar har mindreforbruk frå 2022 som vert disponert i 2023.

Det er forventa eit mindreforbruk på 2 mill. kroner knytt til tilskotsordninga Rask psykisk helsehjelp.

Vidare er løyvinga foreslått redusert med 17 mill. kroner i ubrukt løyving som er overført frå 2022 og som ikkje vil bli nytta.

Post 75 Vold og traumatiske stress, kan overførast

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,8 mill. kroner som følgje av forventa mindreforbruk på posten. Årsaka er i hovudsak at det har blitt overført ubrukte midlar frå 2022 som ikkje vil bli nytta.

Kap. 770 Tannhelsetjenester***Post 70 Tilskudd***

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med til saman 34,8 mill. kroner.

Tannhelse til tortur- og overgrevsutsette

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 30 mill. kroner knytt til forventa mindreforbruk på tannhelsetilbod til tortur- og overgrevsutsette og personar med odontofobi. Årsaka til mindreforbruket er at tilskotsmottakarane har fått overført ubrukte midlar frå 2022 mot avkorting av tilskot i 2023. Tenesta har ikkje klart å byggje ut kapasiteten i medhald til løyving, men arbeider vidare med å auke kapasiteten.

Integritt løp i dobbeltkompetanse for tannleger

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,8 mill. kroner knytt til forventa mindreforbruk på tilskotsordninga Integritt løp i dobbeltkompetanse for tannleger. Årsaka til mindreforbruket er at det ikkje vert tekne opp fleire kandidatar i ordninga, ettersom ordninga er under utfasing.

Kap. 2711 Spesialisthelsetjeneste mv.***Post 70 Spesialisthjelp***

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 2 760 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag.

Forhandlingane mellom staten, regionale helseforetak, KS og Den norske legeforening om økonomiske vilkår for perioden 1. juli 2023–30. juni 2024 vart ikkje avslutta i tide til at dei budsjettmessige konsekvensane kunne leggjast fram for Stortinget i vårsesjonen. Ved behandling av Prop. 118 S (2022–2023) fekk departementet fullmakt til å gjøre endringar i trygderefusjonane frå 1. juli 2023 som følgje av eventuell avtale. Avtale ble inngått 27. juni 2023. Den medførte ein auke i honorarinntekta til psykologane tilsvarende 5,54 pst. Dette er likt med ein auke i folketrygdas utgifter for refusjonar mv. til psykologane på 13,4 mill. kroner i 2023.

honorarinntekta til legane tilsvarende 6,96 pst. Dette er likt med ein auke i folketrygda sine utgifter for refusjonar mv. til spesialistane på 109 mill. kroner i 2023.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 150 mill. kroner.

Post 71 Psykologhjelp

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 436 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag.

Forhandlingane mellom staten, regionale helseforetak og Norsk Psykologforening om økonomiske vilkår for perioden 1. juli 2023–30. juni 2024 vart ikkje avslutta i tide til at dei budsjettmessige konsekvensane kunne leggjast fram for Stortinget i vårsesjonen. Ved behandling av Prop. 118 S (2022–2023) fekk departementet fullmakt til å gjøre endringar i trygderefusjonane frå 1. juli 2023 som følgje av eventuell avtale. Avtale ble inngått 27. juni 2023. Den medførte ein auke i honorarinntekta til psykologane tilsvarende 5,54 pst. Dette er likt med ein auke i folketrygdas utgifter for refusjonar mv. til psykologane på 13,4 mill. kroner i 2023.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 17 mill. kroner.

Post 72 Tannbehandling

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 2 670 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 35,5 mill. kroner.

Post 76 Private laboratorier og röntgeninstitutt

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 1 185 mill. kroner, som er noko lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 40,6 mill. kroner.

Kap. 2751 Legemidler mv.***Post 70 Legemidler***

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september

ber 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 12 900 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner.

Post 71 Legeerklæringer

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 16 mill. kroner, som er noko lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

Post 72 Medisinsk forbruksmateriell

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 2 240 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 20 mill. kroner.

Kap. 2752 Refusjon av egenbetaling

Post 72 Egenandelstak

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 8 150 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 114,9 mill. kroner.

Kap. 2755 Helsetjenester i kommunene mv.

Post 62 Fastlønnsordning fysioterapeuter, kan nyttast under post 71

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 560 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 76 mill. kroner.

Post 70 Allmenlegehjelp

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med til saman 369,8 mill. kroner.

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 6 920 mill. kroner, som er noko høgare enn tid-

legare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 378,3 mill. kroner.

Forhandlingane mellom staten, regionale helseføretak, KS og Den norske legeforening om økonomiske vilkår for perioden 1. juli 2023–30. juni 2024 vart ikkje avslutta i tide til at dei budsjettmessige konsekvensane kunne leggjast fram for Stortinget i vårsesjonen. Ved behandling av Prop. 118 S (2022–2023) fekk departementet fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonane frå 1. juli 2023 som følgje av eventuell avtale. Avtale vart inngått 29. juni 2023. Den medførte ein auke i legane si honorarinntekt tilsvarende 6,96 pst. Dette er likt med ein auke i folketrygda sine utgifter for refusjonar mv. til allmennlegane på 349 mill. kroner i 2023.

Departementet foreslår at 8,5 mill. kroner flyttast til kap. 701, post 21 til EPJ-løft for legar, sjå omtale der.

Post 71 Fysioterapi, kan nyttast under post 62

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med til saman 123,5 mill. kroner.

Departementet foreslår at 1,5 mill. kroner flyttast til kap. 701, post 21 til EPJ-løft for fysioterapeutar, sjå omtale der.

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 1 575 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 125 mill. kroner.

Forhandlingane mellom staten, KS og fysioterapeutorganisasjonane om økonomiske vilkår for perioden 1. juli 2023–30. juni 2024 vart ikkje avslutta i tide til at dei budsjettmessige konsekvensane kunne leggjast fram for Stortinget i vårsesjonen. Ved behandling av Prop. 118 S (2022–2023) fekk departementet fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonane frå 1. juli 2023 som følgje av eventuell avtale. Avtale vart inngått 12. juni 2023. Den medførte ein auke i fysioterapeutane si honorarinntekt tilsvarende 6,94 pst. Dette er likt med ein auke i folketrygda sine utgifter for refusjonar mv. til fysioterapeutane på 103 mill. kroner i 2023.

Post 72 Jordmorhjelp

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 87 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunn-

lag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

Post 73 Kiropraktorbehandling

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 222 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 8 mill. kroner.

Post 75 Logopedisk og ortoptisk behandling

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta 299 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 19 mill. kroner.

Kap. 2756 Andre helsetjenester

Post 70 Helsetjenester i annet EØS-land

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 7 mill. kroner, som er noko lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 8,3 mill. kroner.

Post 71 Helsetjenester i utlandet mv.

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per septem-

ber 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 440 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 30,3 mill. kroner.

Post 72 Helsetjenester til utenlandsboende mv.

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 340 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 59,1 mill. kroner.

Kap. 2790 Andre helsetiltak

Post 70 Bidrag

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2023. Utgiftene for 2023 vert talfesta til 250 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 5,9 mill. kroner.

Helse- og omsorgsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2023 under Helse- og omsorgsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2023 under Helse- og omsorgsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2023 under
Helse- og omsorgsdepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2023 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
701		E-helse, helseregistre mv.:	
21		Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70,</i> blir auka med	7 300 000
		frå kr 245 356 000 til kr 252 656 000	
703		Internasjonalt samarbeid:	
71		Internasjonale organisasjoner, blir auka med	118 170 000
		frå kr 145 917 000 til kr 264 087 000	
710		Vaksiner mv.:	
22		Salgs- og beredskapsprodukter mm., <i>kan overførast,</i> blir redusert med	7 800 000
		frå kr 256 202 000 til kr 248 402 000	
23		Vaksiner og vaksinasjon mot covid-19, <i>kan overførast,</i> blir redusert med	690 517 000
		frå kr 1 103 857 000 til kr 413 340 000	
714		Folkehelse:	
21		Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under postene 70, 74</i> <i>og 79,</i> blir redusert med	2 000 000
		frå kr 104 398 000 til kr 102 398 000	
22		Gebyrfinansierte ordninger, blir redusert med	13 350 000
		frå kr 27 400 000 til kr 14 050 000	
732		Regionale helseforetak:	
21		Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast,</i> blir redusert med	3 000 000
		frå kr 23 048 000 til kr 20 048 000	
70		Særskilte tilskudd, <i>kan overførast, kan nyttast under postene 72, 73, 74</i> <i>og 75,</i> blir auka med	370 500 000
		frå kr 2 490 706 000 til kr 2 861 206 000	
76		Innsatsstyrt finansiering, <i>overslagsløyving,</i> blir redusert med	92 300 000
		frå kr 37 275 384 000 til kr 37 183 084 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	77	Laboratorie- og radiologiske undersøkelser, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	179 700 000
		frå kr 3 790 289 000 til kr 3 969 989 000	
	80	Kompensasjon for merverdiavgift, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	594 000 000
		frå kr 8 955 988 000 til kr 9 549 988 000	
	83	Byggelånsrenter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med	455 000 000
		frå kr 595 000 000 til kr 1 050 000 000	
	86	Driftskreditter, blir auka med	1 287 000 000
		frå kr 8 138 000 000 til kr 9 425 000 000	
734		Særskilte tilskudd til psykisk helse og rustiltak:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	8 000 000
		frå kr 87 321 000 til kr 95 321 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med	750 000
		frå kr 15 447 000 til kr 14 697 000	
	71	Tvungen omsorg for psykisk utviklingshemmede, blir auka med	21 600 000
		frå kr 315 417 000 til kr 337 017 000	
737		Historiske pensjonskostnader:	
	70	Tilskudd, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med	21 650 000
		frå kr 93 608 000 til kr 71 958 000	
747		Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med	4 300 000
		frå kr 158 165 000 til kr 153 865 000	
761		Omsorgstjeneste:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 79</i> , blir redusert med	2 000 000
		frå kr 188 035 000 til kr 186 035 000	
	64	Kompensasjon for renter og avdrag, blir redusert med	35 400 000
		frå kr 938 400 000 til kr 903 000 000	
	68	Kompetanse og innovasjon, blir redusert med	8 400 000
		frå kr 415 899 000 til kr 407 499 000	
	73	Særlige omsorgsbehov, blir redusert med	1 500 000
		frå kr 49 303 000 til kr 47 803 000	
	79	Andre tilskudd, <i>kan nyttast under post 21</i> , blir redusert med	1 000 000
		frå kr 156 349 000 til kr 155 349 000	
762		Primærhelsetjeneste:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i> , blir auka med	4 000 000
		frå kr 220 469 000 til kr 224 469 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
765		Psykisk helse, rus og vold:	
21		Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72,</i> blir redusert med	27 000 000
		frå kr 192 604 000 til kr 165 604 000	
60		Kommunale tjenester, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	67 000 000
		frå kr 355 302 000 til kr 288 302 000	
75		Vold og traumatiske stress, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	4 800 000
		frå kr 282 706 000 til kr 277 906 000	
770		Tannhelsetjenester:	
70		Tilskudd, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21,</i> blir redusert med	34 800 000
		frå kr 400 276 000 til kr 365 476 000	
2711		Spesialisthelsetjeneste mv.:	
70		Spesialisthjelp, blir auka med	150 000 000
		frå kr 2 610 000 000 til kr 2 760 000 000	
71		Psykologhjelp, blir auka med	17 000 000
		frå kr 419 000 000 til kr 436 000 000	
72		Tannbehandling, blir auka med	35 534 000
		frå kr 2 634 466 000 til kr 2 670 000 000	
76		Private laboratorier og røntgeninstitutt, blir redusert med	40 599 000
		frå kr 1 225 599 000 til kr 1 185 000 000	
2751		Legemidler mv.:	
70		Legemidler, blir auka med	2 500 000
		frå kr 12 897 500 000 til kr 12 900 000 000	
71		Legeerklæringer, blir redusert med	3 000 000
		frå kr 19 000 000 til kr 16 000 000	
72		Medisinsk forbruksmateriell, blir auka med	20 000 000
		frå kr 2 220 000 000 til kr 2 240 000 000	
2752		Refusjon av egenbetaling:	
72		Egenandelstak, blir auka med	114 900 000
		frå kr 8 035 100 000 til kr 8 150 000 000	
2755		Helsetjenester i kommunene mv.:	
62		Fastlønnsordning fysioterapeuter, <i>kan nyttast under post 71,</i> blir auka med	76 000 000
		frå kr 484 000 000 til kr 560 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	70	Allmennlegehjelp, blir auka med	369 800 000
		frå kr 6 541 700 000 til kr 6 911 500 000	
	71	Fysioterapi, <i>kan nyttast under post 62</i> , blir auka med	123 500 000
		frå kr 1 450 000 000 til kr 1 573 500 000	
	72	Jordmorhjelp, blir auka med	5 000 000
		frå kr 82 000 000 til kr 87 000 000	
	73	Kiropraktorbehandling, blir auka med	8 000 000
		frå kr 214 000 000 til kr 222 000 000	
	75	Logopedisk og ortoptisk behandling, blir auka med	19 000 000
		frå kr 280 000 000 til kr 299 000 000	
2756		Andre helsetjenester:	
	70	Helsetjenester i annet EØS-land, blir redusert med	8 320 000
		frå kr 15 320 000 til kr 7 000 000	
	71	Helsetjenester i utlandet mv., blir auka med	30 282 000
		frå kr 409 718 000 til kr 440 000 000	
	72	Helsetjenester til utenlandsboende mv., blir auka med	59 126 000
		frå kr 280 874 000 til kr 340 000 000	
2790		Andre helsetiltak:	
	70	Bidrag, blir auka med	5 949 000
		frå kr 244 051 000 til kr 250 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3700		Helse- og omsorgsdepartementet:	
	03	Refusjon fra Utenriksdepartementet av ODA-godkjente midler, blir redusert med	37 500 000
		frå kr 200 000 000 til kr 162 500 000	
3701		E-helse, helseregistre mv.:	
(NY)	03	Tilbakebetaling fra Felles kommunal journal interim AS, blir løyvd med	38 000 000
3710		Vaksiner mv.:	
	03	Vaksinesalg, blir auka med	10 800 000
		frå kr 244 186 000 til kr 254 986 000	
3714		Folkehelse:	
	04	Gebyrinntekter, blir redusert med	8 150 000
		frå kr 11 040 000 til kr 2 890 000	
3732		Regionale helseforetak:	
	80	Renter på investeringsslån, blir redusert med	11 000 000
		frå kr 326 000 000 til kr 315 000 000	
	85	Avdrag på investeringsslån f.o.m. 2008, blir redusert med	19 000 000
		frå kr 725 000 000 til kr 706 000 000	
(NY)	87	Avdrag på tilskudd til Helseplattformen, blir løyvd med	32 000 000
3740		Helsedirektoratet:	
	05	Helsetjenester til utenlandsboende mv., blir redusert med	6 000 000
		frå kr 72 000 000 til kr 66 000 000	
3746		Statens legemiddelverk:	
	04	Registreringsgebyr, blir redusert med	25 070 000
		frå kr 87 067 000 til kr 61 997 000	
3747		Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet:	
	02	Diverse inntekter, blir redusert med	4 300 000
		frå kr 18 837 000 til kr 14 537 000	
5572		Sektoravgifter under Helse- og omsorgsdepartementet:	
	74	Tilsynsavgift, blir redusert med	3 770 000
		frå kr 3 770 000 til kr 0	
	75	Sektoravgift tobakk, blir redusert med	9 100 000
		frå kr 18 952 000 til kr 9 852 000	

